

## KOMMISJONSDIREKTIV 2005/5/EF

2008/EØS/27/30

av 26. januar 2005

**om endring av direktiv 2002/26/EF med omsyn til prøvetakings- og analysemetodar for offentlig kontroll av innhaldet av okratoksin A i visse næringsmiddel(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 85/591/EØF av 20. desember 1985  
om innføring på fellesskapsplan av metoder for prøvetaking og  
analyse med hensyn til kontroll av næringsmidler beregnet på  
konsum<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I kommisjonsforordning (EF) nr. 466/2001 av  
8. mars 2001 om fastsettelse av grenseverdier for visse  
forurensende stoffer i næringsmidler<sup>(2)</sup> er det fastsett  
grenseverdier for okratoksin A i brente kaffibønner, malt  
og brent kaffi, løyseleg kaffi, vin og drueråsaft.
- 2) Prøvetaking spelar ei avgjerande rolle når det gjeld å  
oppnå ei påliteleg fastsetjing av innhaldet av okratoksin A.  
Kommisjonsdirektiv 2002/26/EF av 13. mars 2002  
om fastsetjing av prøvetakings- og analysemetodar  
for offentlig kontroll av innhaldet av okratoksin A  
i næringsmiddel<sup>(3)</sup> bør omfatte føresegnar for brente  
kaffibønner, malt og brent kaffi, løyseleg kaffi, vin og  
drueråsaft.
- 3) Direktiv 2002/26/EF bør difor endrast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar  
med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda  
og dyrehelsa —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

*Artikkel 1*

Vedlegg I til direktiv 2002/26/EF vert endra i samsvar med  
vedlegget til dette direktivet.

*Artikkel 2*

1. Medlemsstatane skal innan tolv månader etter at dette  
direktivet tek til å gjelde, setje i kraft dei lovene og forskriftene  
som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal  
straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og  
ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse  
føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal  
dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til  
direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset  
korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei  
internettslege føresegnene som dei vedtek på det området som  
dette direktivet omfattar.

*Artikkel 3*

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er  
kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 4*

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 26. januar 2005.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 27 av 29.1.2005, s. 38,  
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 96/2005 av 8. juli 2005  
om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder,  
prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende*  
nr. 60 av 24.11.2005, s. 13.

<sup>(1)</sup> TEF L 372 av 31.12.1985, s. 50. Direktivet endra ved europaparlaments- og  
rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 77 av 16.3.2001, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF)  
nr. 78/2005 (TEU L 16 av 20.1.2005, s. 43).

<sup>(3)</sup> TEF L 75 av 16.3.2002, s. 38. Direktivet endra ved direktiv 2004/43/EF  
(TEU L 113 av 20.4.2004, s. 14).

## VEDLEGG

I vedlegg I til direktiv 2002/26/EF vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 4.3, 4.4 og 4.5 skal lyde:

«4.3 *Allmenn oversikt over prøvetakingsmetoden for korn, tørka druer og brent kaffi*

TABELL 1

## Oppdeling av partia i delparti etter produkt og etter vekta til partiet

Produkt	Vekta til partiet (i tonn)	Vekta til delpartia eller talet på delparti	Talet på enkeltprøver	Vekta til samleprøva (i kg)
Korn og kornprodukt	$\geq 1\ 500$	500 tonn	100	10
	$> 300$ og $< 1\ 500$	3 delparti	100	10
	$\geq 50$ og $\leq 300$	100 tonn	100	10
	$< 50$	—	3-100(*)	1-10
Tørka druer (korintar, rosiner og sultanarosiner)	$\geq 15$	15-30 tonn	100	10
	$< 15$	—	10-100(**)	1-10
Brente kaffibønner, malt og brent kaffi og løyseleg kaffi	$\geq 15$	15-30 tonn	100	10
	$< 15$	—	10-100(**)	1-10

(\*) Avhengig av vekta til partiet — sjå tabell 2 i dette vedlegget.

(\*\*) Avhengig av vekta til partiet — sjå tabell 3 i dette vedlegget.

4.4. *Prøvetakingsmetode for korn og kornprodukt (parti  $\geq 50$  tonn) og for brente kaffibønner, malt og brent kaffi, løyseleg kaffi og tørka druer (parti  $\geq 15$  tonn)*

— Dersom delpartia kan skiljast åt fysisk, skal kvart parti delast opp i delparti i samsvar med tabell 1. Ettersom vekta til eit parti ikkje alltid vil vere eit eksakt multiplum av vekta til delpartia, kan vekta av delpartia overstige den nemnde vekta med høgst 20 %.

— Prøvetakinga skal utførast separat for kvart delparti.

— Talet på enkeltprøver: 100.

— Vekta til samleprøva = 10 kg.

— Dersom prøvetakinga ikkje kan utførast etter den metoden som det er gjort greie for ovanfor, utan at det får økonomiske konsekvensar som følgje av skade på partiet (på grunn av emballasjeformer, transportmiddel osv.), kan det nyttast ein annan prøvetakingsmetode på det vilkåret at han er mest mogleg representativ, og at han vert gjort greie for og dokumentert fullt ut.

4.5. *Føresegner for prøvetaking av korn og kornprodukt (parti  $< 50$  tonn) og for brente kaffibønner, malt og brent kaffi, løyseleg kaffi og tørka druer (parti  $< 15$  tonn)*

For parti med korn på under 50 tonn og for parti med brente kaffibønner, malt og brent kaffi, løyseleg kaffi og tørka druer på under 15 tonn skal det nyttast ein prøvetakingsplan som, avhengig av vekta til partiet, omfattar 10-100 enkeltprøver, og som utgjer ei samleprøve på 1-10 kg. For veldig små parti ( $\leq 0,5$  tonn) med korn og kornprodukt kan det takast færre enkeltprøver, men samleprøva som omfattar alle enkeltprøvene, skal òg i dette tilfellet vege minst 1 kg.

Tala i tabellen nedanfor kan nyttast til å avgjere kor mange enkeltprøver som skal takast.

TABELL 2

**Talet på enkeltprøver som skal takast av korn og kornprodukt, etter vekta til partiet**

Vekta til partiet (i tonn)	Talet på enkeltprøver
≤ 0,05	3
> 0,05-≤ 0,5	5
> 0,5-≤ 1	10
> 1-≤ 3	20
> 3-≤ 10	40
> 10-≤ 20	60
> 20-≤ 50	100

TABELL 3

**Talet på enkeltprøver som skal takast av brente kaffibønner, malt og brent kaffi, løyseleg kaffi og tørka druer, etter vekta til partiet**

Vekta til partiet (i tonn)	Talet på enkeltprøver
≤ 0,1	10
> 0,1-≤ 0,2	15
> 0,2-≤ 0,5	20
> 0,5-≤ 1,0	30
> 1,0-≤ 2,0	40
> 2,0-≤ 5,0	60
> 5,0-≤ 10,0	80
> 10,0-≤ 15,0	100»

b) Nytt nr. 4.6a) skal lyde:

*«4.6a) Føresegner for prøvetaking av vin og drueråsaft*

Vekta til samleprøva skal vere minst 1 kg, bortsett frå når det ikkje er mogleg, t.d. når prøva omfattar éi flaske.

Minstetalet på enkeltprøver som skal takast frå partiet, er fastsett i tabell 4. Talet på enkeltprøver som skal fastsetjast, er avhengig av kva form produkta vanlegvis vert omsette i. For flytande produkt i bulk skal partiet blandast så grundig som mogleg straks før prøvetakinga, anten manuelt eller mekanisk, utan at det påverkar kvaliteten til produktet. I dette tilfellet reknar ein med ei einsarta fordeling av okratoksin A innanfor eitt og same parti. Det er difor tilstrekkeleg å ta tre enkeltprøver frå eit parti for å lage samleprøva.

Enkeltprøvene, som ofte kan vere ei flaske eller ei pakning, skal ha same vekt. Vekta til ei enkeltprøve bør vere minst 100 gram, slik at samleprøva veg minst om lag 1 kg. Avvik frå denne framgangsmåten må først opp i den rapporten som er nemnd i nr. 3.8.

TABELL 4

**Talet på enkeltprøver som skal takast av partiet**

Forma som produktet vert omsett i	Vekta til partiet (i liter)	Minstetal på enkeltprøver som skal takast
Bulk (drueråsaft, vin)	...	3
Flasker/pakningar med drueråsaft	≤ 50	3
Flasker/pakningar med drueråsaft	50-500	5
Flasker/pakningar med drueråsaft	> 500	10
Flasker/pakningar med vin	≤ 50	1
Flasker/pakningar med vin	50-500	2
Flasker/pakningar med vin	> 500	3»